

Årsmøte i Misje Bygdalag 19.2.2012

Tilstades var alle i styret.

Utanom styret 15. (50 % auke frå i fjor)

Vi serverte 4 kanner kaffi og 4 kaker/langpanner.

1. Møteinnkalling.

2. Gjennomgang av årsmelding.

Nytt av året; medlemskveld. Der var det underhaldning av Bjørn Sæle og Robert Sæle med lesing av Jakob Sandes dikt og speling på trekkspel.

For dei små var det brettspel og visning av film.

Lefsebakekurs.

Runar orienterte om snuplassprosjektet.

3. Rekneskap

Misje bygdalag kr 60 492,95

Misje Museum kr 58 574,58

Det var ingen inkomne saker til årsmøtet.

Det var ingen kommentarar til årsmeldinga.

4. Runar Vildskog, Lisbeth Turøy og Roger Ølmheim gjer seg. Laila Reigstad (2 år), Monja Lokøy (2 år) og Jostein Misje (2 år) kjem inn i styret.

5. Eventuelt

- Det er mange øydelagde murar langs vegen. Kommunen har vore og sett på det, men dei meiner at det er for mykje arbeid å få dei likestilt slik dei var før. Dersom kommunen skal gjere det vil dei sitje opp autovern.
- Brufest 30 år sidan brua opna 9. november. Vi ønsker å markere dette og vil ha ein komite som skal planlegge dette. Mona Misje Torsvik har sagt seg villig til å vere med. Vi treng fleire. Vi får låne Samfunnshuset gratis til eit arrangement for bygdalaget i året. Komiteen planlegger korleis dei vil gjennomføre denne dagen.
- Runar informerte om snuplassprosjektet. Vi har fått ein pris på 180 000 kr for å få dette arbeidet gjennomført. Vi synest dette blir veldig dyrt og vil sjå på eit anna forslag. Jostein Misje, Jostein Berg, Runar Vildskog og Krzyztof Mikanik er med i denne arbeidsgruppa som jobbar med dette og ønsker gjerne fleire medlemmer eller andre forslag til gjennomføring. Er open for forslag til andre måtar å gjere det på. Eit innspel på å ikkje lage det for høgt/tett for at ein ikkje skal tette igjen eksisterande

drenering for overvatnet som renn der. Eit anna forslag var å kontakte skular med anlegg/murar/ tømrrar-linjer som kan ta dette som ei praktisk prosjektoppgåve.

- Vi fekk ein forespørsel frå kommunen om ein kommentar til trafikksikringsplan, våre forslag er at vi ønskjer fotgjengarfelt og 60 sone i hovudvegen, veglys mellom Solsvik og Ågotnes.
- Er det mogleg å kjøpa inn eit skilt som seier at vogntog ikkje klarer å snu på nordre kaien. Søke til kommunen om dette? Fareskilt med under-skilt der det står at det ikkje går an å snu lenger nord.
- Turstien vest i marka, er dette noko bygdalaget kan rydda opp i? Det må ryddast, markerast. Bygdalaget høyrer med grunneigarane om det er greitt at vi restaurerer stien. Trapper over gjerdet, plankar over myrer.
- Forslag felles turar med bygdalaget. Vest i marka, Vindeneskvarven, Solsvikmarka, Vikåsen. Informera på Facebook, via sms, Misje.org.